

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 19.01.2009 **Tid:** 15.00-18.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene pr. e-post.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Personalsjef Jan Erik Boge og Teknisk leiar Ivar Erstad under informasjon om raset på Liavegen.

Rektorane: Marit Kulild, Kjersti Bruvik og Solvor Aadland, samt HTV for utd.forbundet Katja Oberle var tilstades under evaluering av organisasjonsgjennomgangen på skuleområdet i starten av møtet.

Ivar Erstad var tilstades under sak 01/09. Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge var til stades under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. januar 2009

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Det var ingen meldingar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:Organisasjonsgjennomgang 2008 – fokus på skuleområdet.

PØ og administrasjonen drøfta med rektorane og HTV for utd.forbundet den uryddige prosessen som oppstod under førebuinga av saka fram til kommunestyret si handsaminga. Ein del episodar som mange har opplevd negative og uheldige var drøfta. Ordføraren gjekk igjennom prosessen og tok opp kva roller, ansvar og lojalitet tilsette, linjeleiarar, HTV, toppadministrasjon og politikkarar har i slike prosessar. Rådmannen følgjer opp problemstillingane med dei tilsette.

Raset på Liavegen

Teknisk leiar informerte om raset på Liavegen. Det var for tidleg å seia noko om kostnaden, men det vart vist til dei fullmaktene som ligg i kriseplanen. Sidan vegen er stengd, vil kommunen ta kostnaden med sjøvegstransport. Det er avtala at ein av oppsitjarane syter for naudsynt transport. Personalsjef Jan Erik Boge (informasjonsansvarleg) legg informasjon om raset ut på heimesida

Ordførar og varaordførar skal ha utviklingssamtale med adm.sjef og ass.adm.sjef.

Admutvalsmøte den 12.2.2009 går ut. Me kjem vi tilbake til ny dato.

Adm.sjefen orienterte om at i leiarforum den 22 januar vil budsjett 2009 gåast igjennom og ansvar for gjennomføring av tiltak vil verta fastsett.

Adm,sjef og ass.adm.sjef orienterer om kurset “krefter I bevegelse” i neste PØ-møte.

Varaordførar orienterte om at han har delteke på eit møte med Hordalandsbenken på Stortinget og med repr. frå ein del departement. Ordførarar og varaordførar i kommunane i Hordaland frå Ap har dette som ei fast samling ein gang pr. år. Dette er ein viktig arena der lokal politikkarar kan få gje innspill til nasjonalt nivå om kommunane sine behov og ønskje.

Adm.sjef orienterte om arbeidet med organisasjonsgjennomgang for sentraladministrasjonen.

Orientering om delegert vedtak – tilskot til andre trussamfunn.

BKK har retta ein førespurnad til kommunen v. Teknisk eining om å overta vassforsyninga til abonnentar på Totland. Oppsitjarar på Frøland har pga. svært dårleg vatn reist spørsmål til kommunen om hjelp. Med ei evt. overtaking av BKK sitt anlegg er det mogleg å forsyna Frøland frå dette ved å legge leidning i vatnet. Administrasjonen går i dialog med BKK.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/09	06/00107 FRAMDRIFT MILJØGATE, KAI, PARK OG VA-ANLEGG PÅ YTRE TYSSE
0002/09	09/00005 SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KOMMUNANE OG HELSE VEST.
0003/09	07/00165 ENDRA FINANISERING AV KOMPETANSESENTERET FOR SMÅKRAFT - BUDSJETT 2008 - FUNKSJON 1.1400.3255

0001/09

FRAMDRIFT MILJØGATE, KAI, PARK OG VA-ANLEGG PÅ YTRE TYSSE

Framlegg til vedtak.:

Handsaming i møte:

Administrasjonen orienterte om at spesifikasjonen for utlegging av anboda for parken, kaia og portalen framleis ikkje er kome frå Asplan Viak. Dette gjer det vanskeleg for administrasjonen å gje tilråding om igangsetting av tiltak evt. kva tiltak ut frå det grunnlaget me i dag har.

Det vart drøfta om det var mest ønskjeleg å gå ut med prosjektet som ein samla pakke evt. om ein skulle gje opning for å dela opp.

Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg:

”Tettstadutvikling Ytre Tysse, VA-opprusting, Miljøgate, Tusenårspark, Kai, Høgdebasseng: Gjennomføringa må endrast som følgje av at Statens Vegvesen nektar oss å stengja RV 48 i anleggsperioden. Det vil sei at VA-opprustinga og miljøgata må venta til tunnelen er fullført og at dei andre delprosjekta må forserast.

Det betyr og at kommunen må intensivera innsatsen mot alle nivå (m.a. vegkontoret, fylkeskommunen og samferdselsdepartementet) for å få bygd tunnelen

Det må og etablerast gode kanalar og øva trykk på fylkeskommunen/Fylkesmannen med tanke på meir tilskot t.d. ulike krisepakkar frå Staten.

Endringane gjer at det må leggjast fram ei ny sak for kommunestyret når saka er tilstrekkeleg utgreidd.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

”Tettstadutvikling Ytre Tysse, VA-opprusting, Miljøgate, Tusenårspark, Kai, Høgdebasseng: Gjennomføringa må endrast som følgje av at Statens Vegvesen nektar oss å stengja RV 48 i anleggsperioden. Det vil sei at VA-opprustinga og miljøgata må venta til tunnelen er fullført og at dei andre delprosjekta må forserast.

Det betyr og at kommunen må intensivera innsatsen mot alle nivå (m.a. vegkontoret, fylkeskommunen og samferdselsdepartementet) for å få bygd tunnelen

Det må og etablerast gode kanalar og øva trykk på fylkeskommunen/Fylkesmannen med tanke på meir tilskot t.d. ulike krisepakkar frå Staten.

Endringane gjer at det må leggjast fram ei ny sak for kommunestyret når saka er tilstrekkeleg utgreidd.”

0002/09

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KOMMUNANE OG HELSE VEST.

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Vest slik han ligg føre. (Ref. Samnanger kommune jan. 2009).”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

”Samnanger kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Vest slik han ligg føre. (Ref. Samnanger kommune jan. 2009).”

0003/09

ENDRA FINANSIERING AV KOMPETANSESENTERET FOR SMÅKRAFT - BUDSJETT 2008 - FUNKSJON 1.1400.3255

Framlegg til vedtak:

Utgiftene til kompetansesenteret for småkraft 2008 vert finansiert ved bruk av øyremerkja fond – tilskot til regional utvikling.

Tilskot frå Hardangerrådet på kr 70.000 skal avsetjast til fond kompetansesenteret og brukast i drifta f.o.m. 2009.

Handsaming i møte:

Samrøytes vedteke.

Vedtak:

Utgiftene til kompetansesenteret for småkraft 2008 vert finansiert ved bruk av øyremerkja fond – tilskot til regional utvikling.

Tilskot frå Hardangerrådet på kr 70.000 skal avsetjast til fond kompetansesenteret og brukast i drifta f.o.m. 2009.